



*Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.*

*For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".*

## Helsefagarbeidar - 65% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Frå 10.10.16 er det ledig 65% fast stilling som helsefagarbeidar ved Bustølvegen burettslag. Stillinga gjeld tenesteyting til brukarar med nedsett funksjonsevne som bur i sine egne leiligheiter i eit privat eigd burettslag.

### Kvalifikasjonskrav

Autorisasjon som helsefagarbeidar/hjelpepleiar.

Det vert lagt vekt på personlege eigenskapar og arbeidserfaring med menneskjer med nedsett funksjonsevne.

### Vi tilbyr

Godt arbeidsmiljø - gode kollegaer.

Mange utfordrande og fagleg stimulerande oppgåver.

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 06.10.2016

Utlyst dato 20.09.2016

Vårref

600/16

### Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimetenester, tlf: 56171210, mobil: 994 97 611, [britt.romarheim@meland.kommune.no](mailto:britt.romarheim@meland.kommune.no)